

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 10.02.2009 **Tid:** 15 00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet.: Kulturkonsulent Tysseland og ass.adm.sjef Våge under heile møtet. Konsulent Haugen under sak 1/09 og Pleie og omsorgsleiar Hjartnes under sak 02/09.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11. februar 2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent. Skriv og meldingar vart handsama til slutt.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Kristian Jørgensen informerte om status for saka der kommunen skal ta imot flyktingar. Denne vil komme til handsaming til kommunestyremøtet i april .

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**Skuleområdet – ny struktur**

Ass.adm.sjef Våge orienterte om status for arbeidet med gjennomgang av skuleområdet – ny struktur. Det har vore møte i styringsgruppa, som er PØ, på kva som ligg av forventingar i det arbeidet som skal gjennomførast frem til kommunestyret i junimøtet. Det skal vera nytt møte den 18 feb. i Ad hoc gruppa. Kristina Jørgensen og Harry Foss sitt i gruppa frå Oppvekst og omsorg. Det vert ekstramøte i PØ den 16 mars der mandat og gjennomføring vert vedteke.

Jubileumsfesten

Ordføraren og kulturkonsulenten orienterte om jubileumsfesten den 13 juni og feiringa av BKK sitt 100 årsjubileum.

Portalen

Det vart orientert om plassering av Portalen, kor det er sendt spørsmål til Statens vegvesen om å få plassere den på Gullbotn. Kommunen avventar svar på det. Det er også kome inn andre forslag på plassering, td på Bjørkheim. OO sender difor saka over til PØ om å oppretta ei arbeidsgruppe for dette prosjektet. Eva Hellevang vart valt frå OO til å sitje i gruppa.

Barnehage – vedtektsendring

OO fekk orientering om lovendringar og nye forskrifter på barnehageområdet som fører til at kommune må revidere sine vedtekter. I tillegg er det ønskje om ferieopen barnehage og forslag frå eininga på 100% barnehagedekning ved å opprette alturnerande utegruppe på Dråpeslottet. Kommunen er også pålagt å innføra graderte betalingsssatsar. Dette kjem som eiga sak den 31. mars.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/09	07/00027 KULTURPLAN FOR SAMNANGER. HØYRINGSUTTALAR
0002/09	09/00050 KOMPETANSEUTVIKLING FOR TILSETTE I PLEIE OG OMSORG FASTSETING AV MÅL OG DELMÅL
0003/09	07/00177 FORSKRIFT FOR NAMNSETTING,ADRESSERING OG ADRESSEFORVALTNING I SAMNANGER KOMMUNE. ENDELEG VEDTAK
0004/09	08/00200 FRAMLEGG TIL NYE VEGNAMN
0005/09	08/00403 THOMAS NORDVIKS STIFTING. VAL AV NYTT STYRE

0001/09

KULTURPLAN FOR SAMNANGER. HØYRINGSUTTALAR

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Det låg føre 6 merknader til planen som var komne inn i høyringsperioden:

- Skuleleiarane v/ Karin Steinsland.
- Samnanger historielag v/ Margunn Lønnebakken
- Samnanger skulemusikklag v/ Line Haugbjørg
- Berit Hernes
- Ungdomsrådet (UR)
- Eldrerådet

I tillegg orienterte kulturkonsulenten om at det var kome inn ein munnleg merknad til planen: Dans er ikkje omtala i planen. Dette er uheldig. Utvalet slutta seg til at dans må omtalast i planen og at det må koma eit eige punkt i tiltaksdelen i planen som omhandlar dette.

Utvalet drøfta deretter dei ulike skriftlege merknadene og gav slik tilråding:

”4.1 Kulturskulen

- **Merknaden frå skuleleiarane og UR**
Det vert utarbeida ein detaljplan for kulturskulen i medhald av tiltaksdelen i kulturplanen der desse merknadene vil verta vurdert.
- **Merknad frå Samnanger skulemusikklag.**
Utvalet vil i budsjettssamanheng vurdera om utgiftene til dirigent for Skulemusikken skal dekkast over kommunebudsjettet.

4.2 Biblioteket

- **Merknader frå eldrerådet, ungdomsrådet, Berit Hernes og skuleleiarane.**
Utvalet tek merknadene til etterretning og vil arbeida for å betra tilhøva for biblioteket slik planen legg opp til. Sjå elles samrøystes vedtak i saka som vart fremja av Kristian Jørgensen Krf.

4.3 Kulturbygg

- **Merknad frå Berit Hernes**
Utvalet ynskjer også at planen skal omfatta Stolpane skulehus som er eit viktig kulturbygg i Samnanger kommune.

4.4 Kulturminnevern

- Utvalet vil innarbeida **Samnanger historielag** sine merknader i planen når det gjeld kva for objekt som skal stå på lista. I tillegg ynskjer utvalet at følgjande objekt skal takast med på lista:
 - Militærvegen over Brekkjen
 - Handelsstaden på Gaupholm
 - Gamal brakaløe i Eikedalen

Utvalet ynskjer at det i planperioden vert utarbeida ei prioriteringsliste over kva objekt kommunen skal bruka ressursar på. Denne lista skal også nyttast når det vert søkt om midlar i andre offentlege eller private ordningar.

4.5 Idrett / friluftsliv / fellesrom / møteplassar

- **Merknader frå UR**

Badeplassar og småbåthamner vert også handsama i strandsoneplanen.

Når det gjeld tiltak på Ytre Tysse vert det vist til at dette vert gjennomført som eige prosjekt.

4.6 , 4.7, 4.8 Ingen merknader

4.9 Internasjonal kommune

- **Merknad frå UR**

Venskapssamarbeidet med Kenya held fram slik planen legg opp til.

4.10 Kultur i regional samanheng

- **Merknad frå UR**

Kultureininga må ivareta samarbeid på tvers av kommunegrensene.

4.11 Dans / Ballett

Det vert lagt inn eit ekstra punkt i planen som omhandlar dette. Sjå 2. avsnitt.”

Kristian Jørgensen sette fram følgjande tillegg til:

5.0 Tiltaksplan

” Samnanger er inne i ein spennande og krevjande fase når det gjeld lokalsamfunnsutvikling og forvaltning av dei ressursane me har til disposisjon. (m.a. økonomi/personal/tilsette)

- Skulestrukturen er til vurdering
- Kommunen får hand om store steinmassar (Tysse tunnel og evt. Aldalsutbyggjing).
- Det skal takast avgjerd om kommunehuset skal rehabiliterast eller seljast/nyttast til andre føremål.
- Det er komne mange innspel i høyringa om flytting av biblioteket (5.2). Nokre av desse er knytt til ynskje om eit nytt fleirbrukshus for kultur og idrett (5.4).

Slik utvalet vurderer engasjementet og høyringsuttalane om biblioteket og fleirbrukshus opp mot andre viktige planprosessar knytt til det som er nemnt ovanfor, vil me rå til at det straks vert starta eit utgreiingsarbeid med fleirbrukshus. ”Er dette berre ein draum eller kan eit slikt hus realiserast i Samnanger og evt. når?” Me vil be PØ-utvalet laga ”ei bestilling” inklusive finansiering for eit slikt utgreiingsarbeid og fremja ei sak til kommunestyret. ”

Det vart røysta over framlegg til merknadane som skulle innarbeidast i planen og framlegget frå Jørgensen, som begge vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek kulturplan for Samnanger kommune 2009 – 2013, med dei vedtekne endringane som vist i handsaminga, samt følgjande tillegg til

Pkt. 5.0: Tiltaksplan

Samnanger er inne i ein spennande og krevjande fase når det gjeld lokalsamfunnsutvikling og forvaltning av dei ressursane me har til disposisjon. (m.a.økonomi/personal/tilsette)

- *Skulestrukturen er til vurdering*
- *Kommunen får hand om store steinmassar (Tysse tunnel og evt. Aldalsutbygging).*
- *Det skal takast avgjerd om kommunehuset skal rehabiliterast eller seljast/nyttast til andre føremål.*
- *Det er komne mange innspel i høyringa om flytting av biblioteket (5.2). Nokre av desse er knytt til ynskje om eit nytt fleirbrukshus for kultur og idrett (5.4).*

Slik utvalet vurderer engasjementet og høyringsuttalane om biblioteket og fleirbrukshus opp mot andre viktige planprosessar knytt til det som er nemnt ovanfor, vil me rå til at det straks vert starta eit utgreiingsarbeid med fleirbrukshus. "Er dette berre ein draum eller kan eit slikt hus realiserast i Samnanger og evt. når?" Me vil be PØ-utvalet laga "ei bestilling" inklusive finansiering for eit slikt utgreiingsarbeid og fremja ei sak til kommunestyret.

0002/09

KOMPETANSEUTVIKLING FOR TILSETTE I PLEIE OG OMSORG FASTSETING AV MÅL OG DELMÅL

Framlegg til vedtak::

Fylgjande mål og delmål vert lagt til grunn for kompetanseplan for pleie- og omsorgstenestene i Samnanger kommune.

Hovudmål:

Samnanger skal ha den kompetansen som er naudsynt for å løysa dei utfordringane pleie- og omsorgstenestene møter.

Delmål:

- *Alle tilsette skal ha formell basiskompetanse knytt til dei oppgåvene dei skal løysa.*
- *Dei tilsette skal utføra oppgåvene sine i samsvar med gode etiske retningslinjer.*
- *Samnanger kommune skal ha omfattande kompetanse innan kreftomsorg og palliasjon.*
- *Samnanger kommune skal ha god kompetanse innan diabetes.*
- *Samnanger kommune skal ha god kompetanse innan ernæring/tannhelse.*
- *Samnanger kommune skal ha omfattande kompetanse innan demensomsorg.*
- *Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse innan forflytning.*
- *Dei tilsette skal til ei kvar tid vera oppdaterte på gjeldande rettingslinjer for førstehjelp.*
- *Samnanger kommune skal ha høg kompetanse om medikamenthandtering*
- *Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse i journalføring (Cosdoc)*
- *Alle tilsette skal vera kjent med gjeldande lovverk og rutinar om bruk av tvang.*
- *Samnanger kommune skal ha spisskompetanse innan veiledning.*

Handsaming i møte:

Samrøystes.

Vedtak:

Følgjande mål og delmål vert lagt til grunn for kompetanseplan for pleie- og omsorgstenestene i Samnanger kommune.

Hovudmål:

Samnanger skal ha den kompetansen som er naudsynt for å løysa dei utfordringane pleie- og omsorgstenestene møter.

Delmål:

- *Alle tilsette skal ha formell basiskompetanse knytt til dei oppgåvene dei skal løysa.*
- *Dei tilsette skal utføra oppgåvene sine i samsvar med gode etiske retningslinjer.*
- *Samnanger kommune skal ha omfattande kompetanse innan kreftomsorg og palliasjon.*
- *Samnanger kommune skal ha god kompetanse innan diabetes.*
- *Samnanger kommune skal ha god kompetanse innan ernæring/tannhelse.*
- *Samnanger kommune skal ha omfattande kompetanse innan demensomsorg.*
- *Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse innan forflytning.*
- *Dei tilsette skal til ei kvar tid vera oppdaterte på gjeldande rettingslinjer for førstehjelp.*
- *Samnanger kommune skal ha høg kompetanse om medikamenthandtering*
- *Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse i journalføring (Cosdoc)*
- *Alle tilsette skal vera kjent med gjeldande lovverk og rutinar om bruk av tvang.*
- *Samnanger kommune skal ha spisskompetanse innan veiledning.*

0003/09

FORSKRIFT FOR NAMNSETTING, ADRESSERING OG ADRESSEFORVALTNING I SAMNANGER KOMMUNE. ENDELEG VEDTAK

Framlegg til vedtak::**Handsaming i møte:**

Saka vert sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg sender saka over til kommunestyret for endeleg handsaming.

0004/09

FRAMLEGG TIL NYE VEGNAMN

Framlegg til vedtak:

Handsaming i møte:

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg: ”1. Gjerdsvegen mot neset får nytt namn: Neset
2. Det vert ikkje gjeve nye namn til sidevegane på Haga.”

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ” Det vert ikkje endringar i vegnamn på Neset og Haga.”

Det vart røysta alternativt, der Aasgaard sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster mot 2 røysta for Gåsdal sitt framlegg.

Vedtak:

Ny vegnamn i Samnanger vert;

1. Gjerdsvegen mot neset får nytt namn: Neset
2. Det vert ikkje gjeve nye namn til sidevegane på Haga.

0005/09

THOMAS NORDVIKS STIFTING. VAL AV NYTT STYRE**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Vidar Tveiterås vert i perioden 2009-2013 valt til styret for Stiftinga Tomas Nordvik
Vara repr: Odd Lønnebakken.

Vedtak:

Vidar Tveiterås vert i perioden 2009-2013 valt til styret for Stiftinga Tomas Nordvik
Vara repr: Odd Lønnebakken